



VANG KOMMUNE

Landbruk/teknisk etat

Areal+ v/Erik Sollien

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

LAJMAG-2017000251 -
9

PlanID - 2017003,
K2 - L12

20.12.2018

Melding om vedteke planprogram - Raudalen 93/4

Kommunestyret behandla i møte 14.12.2018 sak 066/18. I samsvar med forskrift for konsekvensutgreiing § 6 vart det fatta fylgjande vedtak:

“Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 12-9 tredje ledd, og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 b), vedlegg 1, pkt. 25, vedtek Vang kommune «Planprogram – Detaljregulering for Raudalen 93/4»

Som tillegg til vedtaket syner hovudutval for utvikling til «Kommuneplan for Vang - Føresegner og retningsliner» kapittel 1.1. og 7.4 om at det skal utarbeidast rammeplan for vatn og avlaup for kommunedelplan Raudalen. Rammeplanen skal vera godkjent før vedtak av «Detaljregulering for Raudalen 93/4».

Til orientering legg vi ved kopi av saksprotokollen.

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing § 6 blir det fastsette planprogrammet sendt til dei som har uttalt seg om forslaget. Dei får og ein kopi av saksframlegget. Sentrale saksdokument er elles tilgjengeleg på heimesida til kommunen, www.vang.kommune.no, og på servicetorget til kommunen fram til 21. januar 2019.

Ein kan ikkje setje fram klage på det fastsette planprogrammet.

Med helsing

Magnus Lajord
Arealplanleggjar
Dir. tlf.: 61369484
E-post: Magnus.lajord@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.



Vang kommune

ArkivSakID: 17/251
JournalpostID: 18/6714
ArkivID: PlanID - 2017003,
K2 - L12
Saksbehandlar: Magnus Lajord

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
083/18	Hovudutval for utvikling	27.11.2018
066/18	Kommunestyret	14.12.2018

Behandling av planprogram - Detaljregulering for Raudalen 93/4

Vedlegg:

12.10.2018 Oversendelse av planprogram - Raudalen 93/4 127039

Saksopplysningar:

Tinde Utvikling AS ynskjer å legge til rette for utvikling av fritidsbustader på gnr./bnr. 93/4, like ved Raudalen Skisenter. Dei har engasjert Areal+ AS til å utføre planarbeidet. Vedlagt forslag til planprogram går nærare inn på målsettinga med planen og kva som skal utgreiast i planarbeidet.


Det aktuelle området ligg ikkje inne som byggeområde for fritidsbustader i overordna plan, kommunedelplan Raudalen, og det krevst difor planprogram og konsekvensutgreiing jf. pbl. § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 b), vedlegg 1, pkt. 25.

Det vart avhalde oppstartsmøte 17.03.2017 og det vart varsla oppstart av planarbeid 07.03.2018 jf. pbl. § 12-8, med høyringsfrist 20.04.2018. Det kom inn 12 innspel. Innspela som gjeld planprogrammet er vurdert og innabeidt i planprogrammet. Dei som gjeld konkret innspel på arealbruk vil bli vurdert ved utarbeiding av planen.

Vurdering:

Planområdet

Planprogrammet syner ei slik planavgrensing:



Figur 1: Planavgrensing med innteikna aktuelt planområder (turkis)

Området ligg i Raudalen nordvest for raudalsvegen og høgspentlina som går gjennom området, og sør for Raudøla og kommunegrensa mot Øystre Slidre. Utbyggingsområdet vil få endeleg avgrensing i løpet av planprosessen.

Forhold til overordna plan

Arealet er i kommunedelplan Raudalen avsett til LNFR, og tiltaket er fylgjeleg ikkje i tråd med med føremålet i kommunedelplanen. Dette utløyser krav om planprogram og konsekvensutgreiing.



Figur 2: Utsnitt av kdpl. samanstilt med gjeldande reguleringsplanar i området.

Planprogrammet tek elles ein kort og konsis gjennomgang av rammer og premiss for det vidare planarbeidet i kapittel 3.

Plan- og utredningstema

Tema som skal konsekvensutgreiast:

- Flaumfare frå Raudøla og Gipa

Tema som skal vurderast:

- Nærmiljø og friluftsliv
- Kulturminne og kulturmiljø
- Samordna bustad-, areal og tranportkartlegging
- Teknisk infrastruktur
- Alternative områder
- Landskap
- Grusressurs
- Straumline
- Landbruk

Det skal og utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsanalyse.

Innspel

Det kom inn 12 innspel på planen. I hovudsak kom desse frå regionale- og statlege myndigheiter, men og frå nettselskap, Øystre Slide kommune og nærliggjande hytteforeiningar.

Fylkesmannen peikar mellom anna på at det er uheldig å fremme enkeltplanar for arealdisponering som ikkje er i tråd med overordna plan, og at det er uheldig å tilrettelegge for fritidsbustader ned mot vassdrag. FM seier og at flaumfara skal konsekvensutgreiast og at det bør settast av ein god *buffer* mot vassdrag, både mtp. landskapsomsyn, friluftsliv og samfunnstryggleik. FM meiner at eventuelle tiltak innanfor planområdet bør styrast mot den sørlige delen.

Oppland fylkeskommune peikar og på at føreselege tiltak ikkje er i tråd med overordna plan, og at kommunen må vurdere om det er meir hensiktsmessig å føreta ei samla vurdering av området ved revidering av kommuneplanens arealdel. Kulturarveininga i OFK har gjennomført registrering i området og har påvist eit jernframstillingsanlegg (ID 230671) som er automatisk freda med sikringssone på 5 meter. Dei tilrår at kulturminnet får eiga omsynssone.

Samtlige innspel og vurdering av desse finn ein i planprogrammet under kapittel 6.3.

Samla vurdering

Planprogrammet er eit godt utgangspunkt for det vidare planarbeidet. Det er godt gjennomarbeida og tek tilstrekkeleg høgde for overordna rammer og premiss. Innspela som har kome på planprogrammet er innarbeidd, og innspela som gjeld arealdisponering vil bli vurdert i neste fase av planarbeidet.

Området er avsett til LNFR i kommunedelplan Raudalen(vedtaka 2003). Sjølv om føreselege tiltak ikkje er i tråd med overordna plan, meiner rådmannen det er riktig å vurdere ei mogleg tilrettelegging for fritidsbustader i området. Eksisterande kommunedelplan er gamal og utdatert, og er ikkje planlagt revidert i inneverande periode. Mellom anna legg den opp til ei meir *spreidd* utbygging, noko som ikkje er i tråd med overordna retningsliner for dagens utvikling der det er klare målsettingar om fortetting.

Det er og positiv utvikling i hyttesalet i Raudalen. Utbyggingsområde S4 er snart ferdig utvikla og det er behov for meir areal til fritidsbustader. Området som er planlagt utvikla ligg og nært allereie etablert infrastruktur, skiheis og sentrumsområde i Raudalen. Vidare planarbeid med konsekvensutgreiing vil i si heilskap synleggjera om det er mogleg å utvikle

området.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 12-9 tredje ledd, og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 b), vedlegg 1, pkt. 25, vedtek Vang kommune «Planprogram – Detaljregulering for Raudalen 93/4»

Som tillegg til vedtaket syner hovudutval for utvikling til «Kommuneplan for Vang - Føresegner og retningsliner» kapittel 1.1. og 7.4 om at det skal utarbeidast rammeplan for vatn og avlaup for kommunedelplan Raudalen. Rammeplanen skal vera godkjent før vedtak av «Detaljregulering for Raudalen 93/4».

Hovudutval for utvikling 27.11.2018:

Behandling:

HU- 083/18 Vedtak:

Som framlegget, samrøytes.
Saksordførar: Grete Aasheim.

Kommunestyret 14.12.2018:

Behandling:

Saksordførar Grete Aasheim og saksbehandlar Magnus Lajord orienterte og svara på spørsmål

KS- 066/18 Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.